

## Møteprotokoll

---

<b>Utval</b>	Sykkylven kontrollutval
<b>Møtestad</b>	Sykkylven rådhus
<b>Dato</b>	04.05.2023
<b>Tidspunkt</b>	kl 14:00 - 15:00

---

### Følgjande medlemmer møtte

Grethe Melseth  
Kjellaug Roald  
Leonhard Vårdal  
Målfinn Aanning  
Petter Hole-Drabløs

### Møtenotat

Frå Møre og Romsdal Revisjon SA møtte revisor Kathrin Haram på sak 11/23 og forvaltningsrevisor/netleiar Kurt Løvoll på heile møtet.  
Frå kommunen møtte kommunedirektør Bente G. Vikhagen og økonomisjef Torbjørn Emblem.  
Ordførar Odd Jostein Drotninghaug deltok på heile møtet.  
Frå kontrollutvalsekretariatet var rådgivar Solveig Kvamme tilstades.

Leonhard Vårdal  
Leiar kontrollutval

Solveig Kvamme  
Rådgjevar SKS IKS

## **Sakliste**

- PS 10/23 Godkjenning av innkalling og sakliste, protokoll frå forrige møte
- PS 11/23 Kontrollutvalet sin uttale - årsrekneskap og årsmelding 2022 - Sykkylven kommune
- PS 12/23 Eigarskapsmelding Sykkylven kommune - kommunestyret sitt vedtak
- PS 13/23 Meldingar
- MS 05/23 Kommunestyret sitt vedtak - rapport frå forvaltningsrevisjon 2022

## **PS 10/23 Godkjenning av innkalling og sakliste, protokoll frå forrige møte**

### **Sekretariatet si tilråding:**

Kontrollutvalet godkjenner innkalling og sakliste, samt møteprotokoll frå forrige møte slik den ligg føre.

### **Sykkylven kontrollutval 04.05.2023**

#### **Behandling**

Votering: Samrøystes

#### **SYKU - 10/23 vedtak**

Kontrollutvalet godkjenner innkalling og sakliste, samt møteprotokoll frå forrige møte slik den ligg føre.

## **PS 11/23 Kontrollutvalet sin uttale - årsrekneskap og årsmelding 2022 - Sykkylven kommune**

### **Sekretariatet si tilråding til kontrollutvalet sin uttale:**

Kontrollutvalet er ikkje kjent med tilhøve som skulle ha kome fram i dialog med revisor eller gjennom kontrollhandlingar retta mot økonomiforvaltninga, som kunne ha konsekvens for innhaldet i denne uttalen frå kontrollutvalet.

Sykkylven kontrollutval uttaler med dette at dei vil råde kommunestyret til å godkjenne årsrekneskap og årsmelding 2022 for Sykkylven kommune.

### **Sykkylven kontrollutval 04.05.2023**

#### **Behandling**

Kommunedirektør og økonomisjef presenterte årsmelding og årsrekneskap 2022 for kontrollutvalet.

Votering: Samrøystes

#### **SYKU - 11/23 vedtak**

##### **Kontrollutvalet sin uttale:**

Kontrollutvalet er ikkje kjent med tilhøve som skulle ha kome fram i dialog med revisor eller gjennom kontrollhandlingar retta mot økonomiforvaltninga, som kunne ha konsekvens for innhaldet i denne uttalen frå kontrollutvalet.

Sykkylven kontrollutval uttaler med dette at dei vil råde kommunestyret til å godkjenne årsrekneskap og årsmelding 2022 for Sykkylven kommune.

## **PS 12/23 Eigarskapsmelding Sykkylven kommune - kommunestyret sitt vedtak**

### **Sekretariatet si tilråding:**

Kontrollutvalet tek meldinga til vitande.

Utvalet bed om å få ei sak til neste møte, med ei skisse til prosjektplan for å bestille ein eigarskapskontroll.

### **Sykkylven kontrollutval 04.05.2023**

#### **Behandling**

Kontrollutvalet ynskjer at det vert sett i gang ein eigarskapskontroll no når eigarskapsmeldinga er vedteken, og ber sekretariatet bestille ei skisse til prosjektplan som utvalet kan drøfte i neste møte.

Votering: Samrøystes

#### **SYKU - 12/23 vedtak**

Kontrollutvalet tek meldinga til vitande.

Utvalet bed om å få ei sak til neste møte med ei skisse til prosjektplan, for å bestille ein eigarskapskontroll.

## **PS 13/23 Meldingar**

### **MS 05/23 Kommunestyret sitt vedtak - rapport frå forvaltningsrevisjon 2022**

#### **Sekretariatet si tilråding:**

Kontrollutvalet tek meldinga til vitande.

## **Sykkylven kontrollutval 04.05.2023**

### **Behandling**

Votering: Samrøystes

### **SYKU - 05/23 vedtak**

Kontrollutvalet tek meldinga til vitande.